

Årsmelding 2010

Arrangement

Historielaget har hatt fleire foredrag / kveldsseto i Jutulheimen. Vi nemner Ola Grøslund om dialekt og skjellsord med utgangspunkt i boka til Ø. Hovdkinn, Arnfinn Engen om skysstasjonar i Gudbrandsdalen, Kåre Hosar om bygningar og gjenstandar på Maihaugen som er kome frå Vågå og professor Arne Torp om dialekter (samarbeid med mållaget Ivar Kleiven). Det har vore fleire historiske vandringar, fyrst i samband med Vågå-dågå etter "labbestrond" i Nordherad (samarbeid med Vågå turlag), og så i Synsli med Dag Aasheim som turleiar (samarbeid med Tessand grendalag). Kulturminnedagen vart markert med fottur i Vinjes fotspor frå Tofte på Dovre om Jettdalen med endepunkt på Håkenstad der eigaren fortalde om garden, undervegs var det teatertablå og musikk om og av A.O.Vinje med Vinjeproduksjonar, arrangementet var i samarbeid med Dovre historielag. Årsmøtet i Gudbrandsdal historielag var dette året i Vågå, fyrst med omvisning på Sandbu (gammalgarden) og deretter omvisning og møte på Gammel-Kleppe.

Jutulheimen

Gudbrandsdalsmusea as står for drifta av Jutulheimen. Vågå Historielag har arbeidd for at Gudbrandsdalsmusea as skal vera ein desentralisert organisasjon med tilstadeverande representantar ved dei ulike musea, og frå august 2010 er det endeleg museumskonsulent lokalisert i Vågå som har ansvar for Jutulheimen. Det har da vorte ein del museums-arrangement og planene framover viser god aktivitet der også utstillingane blir utvikla. Ei ny arealplan vil gje ny plassering av tørrstugu, grishus og kvernhus som er nedteke i samband med vedlikhald, Sundstugu er også under restaurering.

Prestgarden

Hovudbygningen vart brukt til utstillingar under Vågå-dågå. Historielaget hadde fotoutstilling med gammal byggjeskikk. Paktarbustaden er bortleigd som bustad medan låven, aurbua og del av fjaset er bortleigd som lager. Det har vore ein del vedlikehald av paktarbustaden, det er frågrave, drenert og skifta masse ved muren, vindaugo er restaurert, det er skifta isolasjon på himlinga og kjøkkeninnreiinga er pussa opp og til dels skifta. Ellers er det utført ein del planering i tunet og oppussing av grøyfter for at væte skal renne frå husa i staden

for innåt.

Laget ellers

Frå årsmøtet 10. mars 2010 har styre vore dette:

Knut Raastad styreleiar

Dag Aasheim nestleiar

Reidun Sønstelién, Håkon Ulsand og Arne Strand styremedlemmar

Bjula Ulsletten, Even Luseter og Jonny Brenden varamedlemmar

Det har i året vore fem styremøter, og varamedlemmane møter på lik line med styremedlemmane. Laget har 440 medlemmar.

*God oppslutning om frivillig medlemskontingent gjer utgjeving av årsskriftet Jutulen mogleg med utsending til alle medlemmane, i tillegg er heftet utlagt for salg. Det er oppretta ny heimeside **vaagaa-historielag.org** og det er meininga å få inn gamle bilde for å leggje ut der. Historielaget kostar pynting av gravene til Jo Gjende, Ivar Kleiven og Trond Eklestuen. Gaute Vole på Gjendesheim har hatt omvisning i Jo Gjende-bua. Pulløybua er bortleigd som anneks til nabohytta.*

Styret takkar samarbeidspartar og medlemmar i laget for god hjelp og støtte i året 2010.